Lom

Miljø, Teknisk, Næring

Iflg. adresseliste

| Vår ref: | Dykkar ref: | Saksbehandlar | Dato |
|---|---|---|---|
| 1356/2013/ | | OYSO / | 07.03.2013 |

## Offentleg ettersyn av forslag til reguleringsplan for nærvarmeanlegg på Loms vestside

Lom formannskap gjorde i møte 05.03.2012 samrøysta vedtak om å legge forslag til reguleringsplan for nærvarmeanlegg på Loms vestside ut til offentleg ettersyn. Frist for å komme med uttaler og evt. motsegn til planforslaget er minst seks vekeer frå vedtak om offentleg ettersyn. (jf. Plan- og bygningslovens § 12-10. Høyringsfristen er sett til **19.04.2013.**

Formålet med reguleringa er å klargjere tomt for fyrsentral til nærvarmeanlegget som skal bli etablert for oppvarming av kommunale bygg på Loms vestside. Planområdet omfattar eigedommane 70/85, 70/1/75, 70/223, 162/22 og 70/217, og regulerer disse til formåla fjernvarmeanlegg, køyreveg, annan veggrunn (tekniske og grønt areal), og turveg/vegetasjonsskjerm. Samla areal er 11 daa. Planforslaget er i samsvar med overordna plan for området; kommunedelplan for Fossbergom (2003). Som avsett arealet til framtidig industriområde. Planarbeidet her vurdert til ikkje måtte bli konsekvensutgreidd. Fordi ein starta med to alternative tomter for fyrsentralen, er det likevel innarbeidd ei overordna konsekvensutgreiing i planskildringa.

Oppstart av planarbeidet vart varsla med brev frå forslagstillar (Lom kommune) til regionale myndigheiter, naboar og andre med interesse i planarbeidet 20.09.2012 og annonsert med annonse i lokalavisa Fjuken same dag. Innspel og uttaler til oppstart av planarbeidet (i alt 6 stk.) er gjennomgått og kommentert i planforslaget og dette syner korleis uttalene er teke omsyn til.
Høyringsdokumenta omfattar sakspapir, planskildring med risiko- og sårbarheitsanalayse, plankart og forslag til reguleringsføresegner. Til regionale myndigheiter følgjer utfylt skjema for planhandsaming. I tillegg leggjast ein ikkje juridisk bindande illustrasjon til planforslaget. Av di illustrasjonsplanen ikkje vert sett som juridisk bindande skal ikkje denne sjåast som ein del av høyringsdokumenta.

E-postmottakarar mottar kunngjeringa berre på E-post. Mottakarar i papirformat bes anten hente plandokumenta på Lom kommune si heimeside www.lom.kommune.no, eller låne desse til gjennomsyn hjå kommunens sørvistorg eller folkebiblioteket. Kunngjering om offentleg ettersyn vert gjort med annonse i Fjuken 14.03.2013.

Eventuelle spørsmål kan rettast til Lom kommune v/arealplanleggjar Øyvind Sødal på tlf. 61 21 73 30 / 96 79 79 90 E-post: oyvind.sodal@lom.kommune.no. Uttaler kan sendast til Lom kommune, Midtgard, 2686 LOM, eller på E-post til post@lom.kommune.no – innan 19.04.2013.

Vedlegg:

1 Planskildring med ROS-analyse - Nærvarmeanlegg på Loms vestside
2 Plankart - Nærvarmeanlegg på Loms vestside
3 Forslag til reguleringsføresegner - Nærvarmeanlegg på Loms vestside
4 Illustrasjonsplan - Nærvarmeanlegg på Loms vestside
5 Særutskrift av FS-sak 7/2013 - Behandling av forslag til reguleringsplan for nærvarmeanlegg på Loms vestside
6 Planskjema - forslag til nærvarmeanlegg på Loms vestside

Med helsing

Øyvind Sødal
Arealplanleggar

Adresseliste:

| Navn | Epost/ postadresse | Postnr. og stad |
|---|---|---|
| Fylkesmannen i Oppland | postmottak@fmop.no | |
| Oppland fylkeskommune | postmottak@oppland.org | |
| NVE Region Øst | ro@nve.no | |
| Statens vegvesen, region øst | firmapost-ost@vegvesen.no | |
| Mattilsynet | postmottak@mattilsynet.no | |
| Lom og Skjåk brannvesen | Atle.Festervoll@skjaak.kommune.no | |
| Eidefoss AS | firmapost@eidefoss.no | |
| Lom eldreråd v/Jon Torkveen | jtorkvee@bbnett.no | |
| Kommunalt råd for funksjonshemma | karin.sveine@helfo.no | |
| Lom ungdomsråd v/sekr. Kristbjørn Rossehaug | kristbjorn.rossehaug@lom.kommune.no | |
| Ansvarleg for barn og unges interesser | v/Kristin Volden Mundhjel | 2686 LOM |
| Ottadalen Mølle A/L | Bergomsvegen 49 | 2686 LOM |
| Lom Næringsbygg AS | c/o Stokk og Stein AS | 2686 LOM |
| Geir Bakken | | 2690 SKJÅK |
| Gerd Marie Offerdal og Eivind Ragnar Bakken | Bergomsvegen 53 | 2686 LOM |
| Lom idrettslag | Postboks 33 | 2688 LOM |
| Jan Erik Husom | Gamelvegen 3 | 2686 LOM |
| Bjørn Magnar Vike | Gamelvegen 5 | 2686 LOM |
| Ingvard Olstad | Snikkarvegen 2 | 2686 LOM |
| Marit Bergljot Moen | Snikkarvegen 4 | 2686 LOM |
| Alf Tore Sørhage | Snikkarvegen 6 | 2686 LOM |
| Tore Frøise | Snikkarvegen 8 | 2686 LOM |
| Anita Fosstuen og Torkjell Solbakken | Ottadalsvegen 6195 | 2686 LOM |
| Opplysningsvesnets fond | v/ Advokatfirmaet Harris Pb. 4115 Sandviken | 5835 BERGEN |